



Møteprotokoll

Utval: teknisk utval
Møtestad: kommunestyresalen
Dato: 04.06.2026
Tid: kl. 09.00 - 13.30

Desse møtte

Marianne Breivik
Alf Johan Antonsen
Berit Overvåg Hjorth
Hans Petter Th. Ulstein
Per Karsten Ødegård
Bjørn Gunnar Tafjord
Berit Roppen

Representerer

Ap
Frp
H
H
INP
KrF
Sp

Funksjon

medlem
leiar
medlem
nestleiar
medlem
medlem
medlem

Andre møtte

Arne Runar Vik
Anne Kathrine Løberg
Arild Støylen
Cecilie Roppen
Ottar Håkonsholm
Trine Sæter

adm.
adm.
adm.
adm.
adm.
adm.

kommunalsjef teknisk
avdelingsleiar landbruk
fagansvarleg byggesak
planleggar
eigedom sleiar
ingeniør byggesak

Møtenotat:

Berit Roppen (Sp) fekk permisjon klokka 12.30. Det var ikkje kalla inn vara. Det var soleis 6 røysteføre i PS 63/26.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 51/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1472
PS 52/26	Godkjenning av protokoll	26/1472
PS 53/26	Orienteringar	26/1472
PS 54/26	Referatsaker	26/1472
PS 55/26	Delegerte saker	26/1472
PS 56/26	Søknad om konsesjon for kjøp av gnr. 72, bnr. 1 på Eika	26/1424
PS 57/26	Dispensasjon og søknad om deling etter jordlova - gnr. 33, bnr. 7 - Notanesvegen 9	26/1161
PS 58/26	Behandling av klage - Bruk av gang- og sykkelveg som køyretilkomst for einebustad - Stålhaugen 16 - gnr 25 bnr 386	24/872
PS 59/26	Høyring - Plan for naturmangfaldet i Ulstein	22/2545
PS 60/26	Interkommunalt samarbeid om spredde avløp	24/1940
PS 61/26	Prinsippavklaring om utgreiing av parkeringsordning for Ulsteinvik sentrum	26/1453
PS 62/26	Tertialrapport 1 - 2026	26/1462
PS 63/26	Endring av rekkefølgekrav i reguleringsplan for barnehage Hasund krins	26/1010

Ulsteinvik, 05.06.2026

Alf Johan Antonsen
utvalsleiar

PS 51/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende utan merknad.

Behandling:

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

PS 52/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

PS 53/26 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
07/26	Dispensasjon versus plan
08/26	Status Fiskerikaia

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitende.

Behandling:

Fagansvarleg for byggesak Arild Støylen gav ei orientering om dipspensasjon versus plan.

Kommunalsjef Arne Runar Vik orienterte om status fiskerikaia.

Orienteringane vart samrøystes tekne til vitende.

PS 54/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
13/26	Svar på klage - driveplikt - Gnr 17 Bnr 4
14/26	Søknadar og utbetaling av Produksjons- og avløysartilskot 2025
15/26	Årsmelding 2025 - vertskommunesamarbeid om felles landbrukskontor for Herøy, Ulstein og Hareid
16/26	Dambrotsbølgeberekningar - kommentarar - Klassifisering av sperredammen - nytt vedtak

Vedtak:

Referatsakene vert tekne til vitende.

Behandling:

Avdelingsleiar for landbruk Anne Kathrine Løberg gav ei orientering om RS 15/26 Årsmelding 2025 - vertskommunesamarbeid om felles landbrukskontor for Herøy, Ulstein og Hareid.

Referatsakene vart samrøystes tekne til vitende.

PS 55/26 Delegerte saker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
127/26	Avslag på søknad om bruk av ATV til Hasundhornet
122/26	Dispensasjonsvedtak - Reiskapshus - Nordre Eika 93 - gnr 71 bnr 4
136/26	Ferdigattest - Bustadhus - Vikemarkhøgda 19 - gnr 8 bnr 523
126/26	Ferdigattest - Einebustad med carport - Skeidsvegen 2 - gnr 6 bnr 271
102/26	Ferdigattest - Garasje - Åsen 40 - gnr 28 bnr 2
130/26	Ferdigattest - Omsorgsbustadar - Skollebakken 1 - Gnr 8 bnr 263
119/26	Ferdigattest - Tilbygg for carport - Varleitemyra 8 - gnr 9 bnr 164
121/26	Ferdigattest - Tilbygg garasje - Fløvegen 751 - gnr 2 bnr 7
120/26	Igongsettingsløyve - Bruksendring og fasadeendringar - Fløvegen 124 - gnr 6 bnr 43
138/26	Igongsettingsløyve - Parkeringsplass m/ støttemur - Brendehaugen 3 - gnr. 25, bnr. 245
118/26	Løyve om oppbevaring og handel med fyrverkeri 2026 - Europris
117/26	Løyve om oppbevaring og handel med fyrverkeri 2026 - Skeide Consulting
131/26	Løyve til motorferdsel til Hasundhornet
133/26	Løyve til tiltak - Altan - Hovsetsvingane 9 - gnr 9 bnr 494
129/26	Løyve til tiltak - Bruksendring til rorbu - Fløvegen 192 - 206 - Gnr. 5, bnr. 181, 182, 186, 187, 189, 190, 191 og 192
123/26	Løyve til tiltak - Einebustad med garasje - Skeidsvegen 48 - gnr 6 bnr 245
132/26	Løyve til tiltak - Endringar på berevegg - Solstien 13 - gnr 7 bnr 304
134/26	Løyve til tiltak - Montering av stålpipeline - Røyra 60 - gnr 31 bnr 5
125/26	Løyve til tiltak - Støttemur og biloppstillingsplass - Varleitesvingen 53 - gnr 9 bnr 214
116/26	Løyve til tiltak - Støttemurar og flytting av lyktestolpe - Skeidsbakkane 65 - gnr 6 bnr 236

135/26	Mellombels bruksløyve - Hovudombygging og garasjetilbygg - Prost Ankers gate 34 - gnr. 8, bnr. 199
141/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 17
140/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 9
128/26	Mellombels bruksløyve - Skeidsvegen 16 - gnr 6 bnr 251
124/26	Rammeløyve - Parkeringsplass - Brendehaugen 3 - gnr. 25, bnr. 245
112/26	Tildeling bustadtomt nr. 7, Skeide - gnr. 6, bnr. 276

Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til vitende.

Behandling:

Fagansvarleg for byggesak Arild Støylen orienterte om dei delegerte sakene.

Delegerte saker vart samrøystes tekne til vitende.

PS 56/26 Søknad om konsesjon for kjøp av gnr. 72, bnr. 1 på Eika

Vedtak:

Med heimel i konsesjonslova § 1, jf. § 2 gir Ulstein kommune konsesjon til Sollaug Eiksund for erverv av gnr. 21, bnr. 1 frå Erna Ragnhild Eiken.

Grunngjeving:

Overtakinga vil gi ei driftsmesseleg god løysing, og den vil ta i vare omsynet til ei heilskapleg ressursforvalting og til kulturlandskapet. Overtakinga vil gi slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Med heimel i konsesjonslova § 1, jf. § 2 gir Ulstein kommune konsesjon til Sollaug Eiksund for erverv av gnr. 21, bnr. 1 frå Erna Ragnhild Eiken.

Grunngjeving:

Overtakinga vil gi ei driftsmesseleg god løysing, og den vil ta i vare omsynet til ei heilskapleg ressursforvalting og til kulturlandskapet. Overtakinga vil gi slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet

PS 57/26 Dispensasjon og søknad om deling etter jordlova - gnr. 33, bnr. 7 - Notanesvegen 9

Vedtak:

1. Teknisk utval gjev med heimel i Jordlova §12 løyve til å dele frå inntil 1,4 dekar rundt hus nr. 2 slik det går fram av søknaden.

Delinga vil ikkje vere til drifts- eller miljømessige ulempe for landbruksdrifta på eigedomen eller i området eigedomen ligg. Frådelinga avgrensar samstundes moglegheita for nytt kårhus/bustadhus nr. 2.

2. Teknisk utval gjev dispensasjon frå deleforbodet i kommuneplanen sin arealdel § 8.1.1 for frådeling av eksisterande bustad, Notanesvegen 9 på gnr. 33 bnr. 7, jf. plan - og bygningslova § 19-2.

Dispensasjonen er grunngjeven med at tiltaket gjeld eksisterande bustadhus utan nye byggetiltak eller større inngrep, at omsyna bak LNF-formålet ikkje vert vesentleg tilsidesette og at den omsøkte parsellen ligg med ein viss avstand frå sjølvne tunet på gardsbruket.

Fordelane ved dispensasjon vert vurderte som større enn ulempene.

Vidare handsaming skjer administrativt i samsvar med søknad datert 30.03.2026.

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

1. Teknisk utval gjev med heimel i Jordlova §12 løyve til å dele frå inntil 1,4 dekar rundt hus nr. 2 slik det går fram av søknaden.

Delinga vil ikkje vere til drifts- eller miljømessige ulempe for landbruksdrifta på eigedomen eller i området eigedomen ligg. Frådelinga avgrensar samstundes moglegheita for nytt kårhus/bustadhus nr. 2.

2. Teknisk utval gjev dispensasjon frå deleforbodet i kommuneplanen sin arealdel § 8.1.1 for frådeling av eksisterande bustad, Notanesvegen 9 på gnr. 33 bnr. 7, jf. plan - og bygningslova § 19-2.

Dispensasjonen er grunngjeven med at tiltaket gjeld eksisterande bustadhus utan nye byggetiltak eller større inngrep, at omsyna bak LNF-formålet ikkje vert vesentleg tilsidesette og at den omsøkte parsellen ligg med ein viss avstand frå sjølvne tunet på gardsbruket.

Fordelane ved dispensasjon vert vurderte som større enn ulempene.

Vidare handsaming skjer administrativt i samsvar med søknad datert 30.03.2026.

PS 58/26 Behandling av klage - Bruk av gang- og sykkelveg som køyretilkomst for einebustad - Stålhaugen 16 - gnr 25 bnr 386

Vedtak:

Teknisk utval kan ikkje sjå at det i klagen frå Advokatfirmaet Thommessen AS på vedtak i sak nr. 39/26 i teknisk utval, møtedato 16.04.2026, er lagt fram nye og vesentlege opplysningar som ikkje var kjende då utvalet avslo søknaden om dispensasjon frå reguleringsplanen for etablering av permanent tilkomst over gang- og sykkelveg og regulert parkbelte til den nyetablerte einebustaden i Stålhaugen 16, gnr. 25, bnr. 386, snr. 1

Teknisk utval kan ikkje sjå at utvalet har lagt til grunn feil lovforståing eller at saksutgreiing, vedtak eller grunngjeving er mangelfull.

Teknisk utval opprettheld difor vedtaket i sak nr. 39/26 og står fast på at dersom ein permanent tilkomst skal etablerast over gang- og sykkelvegen, må dette i så fall skje med bakgrunn i ein reguleringsendringprosess, jf. tidlegare saksutgreiing.

Klagesaka med relevante saksdokument vert dermed sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for vidare handsaming etter reglane i forvaltningslova § 28, jf. plan- og bygningslova § 1-9.

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval kan ikkje sjå at det i klagen frå Advokatfirmaet Thommessen AS på vedtak i sak nr. 39/26 i teknisk utval, møtedato 16.04.2026, er lagt fram nye og vesentlege opplysningar som ikkje var kjende då utvalet avslo søknaden om dispensasjon frå reguleringsplanen for etablering av permanent tilkomst over gang- og sykkelveg og regulert parkbelte til den nyetablerte einebustaden i Stålhaugen 16, gnr. 25, bnr. 386, snr. 1

Teknisk utval kan ikkje sjå at utvalet har lagt til grunn feil lovforståing eller at saksutgreiing, vedtak eller grunngjeving er mangelfull.

Teknisk utval opprettheld difor vedtaket i sak nr. 39/26 og står fast på at dersom ein permanent tilkomst skal etablerast over gang- og sykkelvegen, må dette i så fall skje med bakgrunn i ein reguleringsendringprosess, jf. tidlegare saksutgreiing.

Klagesaka med relevante saksdokument vert dermed sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for vidare handsaming etter reglane i forvaltningslova § 28, jf. plan- og bygningslova § 1-9.

PS 59/26 Høyring - Plan for naturmangfaldet i Ulstein

Vedtak:

Bruke beitedyr og bråtebrann i større grad for å halde vegetasjonen vedlike.
Samarbeid med bønder både til kartlegging og vedlikehald av artsmangfald.
Lage kart over uønska framandartar som finnast i kommunen.
Ber om at ein lagar informasjonsmøte til befolkninga om korleis ein nyttar artsdatabanken.

Behandling:

Fellesframlegg frå Sp, Frp, H, INP, Ap, og Krf, foreslått av Berit Roppen, Senterpartiet

Bruke beitedyr og bråtebrann i større grad for å halde vegetasjonen vedlike.
Samarbeid med bønder både til kartlegging og vedlikehald av artsmangfald.
Lage kart over uønska framandartar som finnast i kommunen.
Ber om at ein lagar informasjonsmøte til befolkninga om korleis ein nyttar artsdatabanken.

Planleggar Cecilie Roppen orienterte om saka.

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Uttale til planframlegget vert lagt fram utan tilråding.

Vedtak som innstilling frå viltutvalet - 27.05.2026 - 15/26

Innspel frå viltutvalet i Ulstein til Plan for naturmangfaldet i Ulstein kommune

Viltutvalet i Ulstein har gått gjennom planutkastet og kunnskapsgrunnlaget for temaplan for naturmangfald. Vi støttar arbeidet og ser planen som eit viktig verktøy for å styrkje naturforvaltninga i Ulstein. Samstundes meiner vi at viltperspektivet er for svakt representert i dokumentet, og at fleire sentrale artar og funksjonsområde må innarbeidast for å sikre ei heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning.

Vi ber om at følgjande punkt blir innarbeidde i det vidare planarbeidet:

1. Manglande omtale av viktige viltartar

Planen omtalar i liten grad viltartar som er viktige for Ulstein sin natur, friluftsliv og arealforvaltning. Dette gjeld særleg:

- **Hjort**
- **Oter**
- **Orrfugl**
- **Lirype**
- **Hare**

Desse artane er sentrale både økologisk og for lokal bruk av utmark. Vi ber om at planen får eit eige avsnitt om viltartar og økologiske funksjonsområde.

2. Funksjonsområde for vilt må inn i temakartet

For å sikre gode og etterprøvbare vurderingar i plan- og byggjesaker må temakartet inkludere:

- **Hjort:** trekkruter, vinterbeite, kalvingsområde og trafikkfarepunkt
- **Oter:** kantsoner, hiområde og viktige bekkar og småvassdrag
- **Orrfugl:** spellassar og viktige lynghei- og myrområde

- **Rype:** fjellområde med hekkeaktivitet og sårbare ferdselsområde
- **Hare:** leveområde i skog, kulturlandskap og overgangssoner

Dette er vanleg praksis i mange kommunar og bør også vere det i Ulstein.

3. Restaureringstiltak må vurderast opp mot viltinteresser

Planen legg opp til restaurering av myr, vassdrag og kystlynghei. Dette er positivt, men må vurderast opp mot viltartar som nyttar desse områda:

- Myr og lynghei er viktige for **orrugl, rype og hare**
- Myr og kantsoner er viktige for **hjort og oter**

Vi ber om at alle restaureringstiltak blir vurderte for konsekvensar for vilt, og at dialog med grunneigarar blir ein naturleg del av prosessen.

4. Ferdselsstyring må ta omsyn til vilt

Auka tilrettelegging for friluftsliv kan påverke vilt negativt. Vi ber om at:

- Eventuelle nye stiar ikkje blir lagde gjennom spellassar eller rypeområde
- Ferdsel i viktige vinterbeite blir vurdert
- Informasjon og skilting blir brukt for å styre ferdsel bort frå sårbare område
- Leveområde for hare blir vurderte ved nye tiltak i skog og kulturlandskap

5. Kopling til hjorteviltplanen

Hjorteviltplanen er eit sentralt styringsdokument hjortevilt forvaltninga og må sjåast på om denne skal integrerast i naturmangfaldplanen. Vi ber om at:

- mål og tiltak i hjorteviltplanen blir aktivt brukte i arealplanlegging
- trekkruter og vinterbeite blir synleggjorde i temakartet
- viltforvaltning blir sett i samanheng med naturmangfald, friluftsliv og trafikktryggleik

Oppsummering

Viltutvalet støttar planarbeidet, men meiner at **viltartar og funksjonsområde – inkludert hjort, oter, orrugl, lirype og hare – må få ein langt tydelegare plass i planen.** Dette er avgjerande for ei heilskapleg, kunnskapsbasert og berekraftig naturforvaltning i Ulstein kommune.

Viltutvalet stiller gjerne opp i vidare dialog og bidreg med lokal kunnskap i det vidare arbeidet.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 02.06.2026 - 29/26

Fellesrådet tek plan for naturmangfaldet i Ulstein til vitende.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 03.06.2026 - 39/26

Levekårsutvalet er positive til at Ulstein kommune no får ein eigen temaplan for naturmangfald. Planen gir kommunen eit viktig kunnskapsgrunnlag og tydelege strategiar for å ta vare på naturverdiane våre gjennom arealforvaltning, restaurering og betre kartlegging. Planen peikar på arealendringar som den største trusselen mot naturmangfaldet.

Levekårsutvalet meiner det er viktig med god samhandling for å sikre at naturmangfaldplanen blir ein viktig del av vurderingane når kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar skal behandlast. Levekårsutvalet ber administrasjonen ha dialog med viltutvalet, som hadde viktige innspel.

Vedtak som innstilling frå ungdomsrådet - 01.06.2026 - 26/26

Ungdomsrådet tek planen til vitende.

Ungdomsrådet vil gjerne spør om det er mulig med fleire søppelbøtter rundt om i kommunen. Mellom anna på Eika og Øvrevegen, som er mykje brukte turvegar.

Ungdomsrådet vil også peike på at Ulstein kommune er ei attraktiv kommune å bu i, og vi må ta vare på det vidare. Naturen er ein av styrkane i kommunen.

PS 60/26 Interkommunalt samarbeid om spredde avløp

Vedtak:

Kommunestyret vedtek

1. å delta i tilsynssamarbeidet på Søre Sunnmøre. Samarbeidet vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §20-2.
2. samarbeidsavtalen for tilsyn av spredd avløp som ligg ved saka.
3. å legge Forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll etter forurensnings-regelverket, Ulstein kommune, Møre og Romsdal fylke ut til offentlig ettersyn
4. at tilsynssamarbeidet skal vere sjølvkostfinansiert. Alle kostnader knytt til tilsynsaktiviteten skal dermed finansierast av gebyret tilsyn- og søknadsgebyr som tilsynet handsamar.
5. at tilsynssamarbeidet får tilsette 2 personar og gjere innkjøp naudsynte for å drive tilsynsaktivitet, herunder også leige av lokale.
6. å delegere mynde og oppgåver til vertskommunen Volda etter følgjande lovverk og forskrifter, etter kommunelova § 20-2. Administrativt vertskommunesamarbeid, annet ledd:
 - Forureiningsloven § 7, § 11, § 18, § 22 og § 48
 - Kapittel 12, 13 og 15 i forureiningsforskrifta
 - Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg med unntak av § 2 om kommunal overtaking av private avløpsanlegg.
 - Plan og bygningsloven §§ 20-1, 20-2, 21-2, 21-7, 21-4, 27-2 og 27-3.

Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å justere samarbeidsavtalen basert på eventuelle endringar i talet på deltakarkommunar.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek

1. å delta i tilsynssamarbeidet på Søre Sunnmøre. Samarbeidet vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §20-2.
2. samarbeidsavtalen for tilsyn av spredd avløp som ligg ved saka.
3. å legge Forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll etter forurensnings-regelverket, Ulstein kommune, Møre og Romsdal fylke ut til offentlig ettersyn
4. at tilsynssamarbeidet skal vere sjølvkostfinansiert. Alle kostnader knytt til tilsynsaktiviteten skal dermed finansierast av gebyret tilsyn- og søknadsgebyr som tilsynet handsamar.
5. at tilsynssamarbeidet får tilsette 2 personar og gjere innkjøp naudsynte for å drive tilsynsaktivitet, herunder også leige av lokale.
6. å delegere mynde og oppgåver til vertskommunen Volda etter følgjande lovverk og forskrifter, etter kommunelova § 20-2. Administrativt vertskommunesamarbeid, annet ledd:
 - Forureiningsloven § 7, § 11, § 18, § 22 og § 48
 - Kapittel 12, 13 og 15 i forureiningsforskrifta
 - Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg med unntak av § 2 om kommunal overtaking av private avløpsanlegg.
 - Plan og bygningsloven §§ 20-1, 20-2, 21-2, 21-7, 21-4, 27-2 og 27-3.

Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å justere samarbeidsavtalen basert på eventuelle endringar i talet på deltakarkommunar.

PS 61/26 Prinsippavklaring om utgreiing av parkeringsordning for Ulsteinvik sentrum

Vedtak:

1. Kommunestyret går inn for at administrasjonen får mynde til å setje i gang ein prosess med mål om å innføre avgiftsparkering på kommunale parkeringsplassar i Ulsteinvik sentrum.
2. Gjennom prosessen skal det avklarast:
 - geografiske grenser for område med avgiftsparkering
 - mogleg soneinndeling og avgiftsnivå
 - aktuelle drifts- og organisasjonsmodellar
3. Endeleg soneinndeling, val av drifts- og organisasjonsmodell og avgiftsnivå skal leggjast fram for politisk handsaming i eiga sak før parkeringsordninga blir sett i verk.
4. Kommunen skal gå i dialog med næringslivet og eigarar av private parkeringsareal i sentrum for å vurdere moglegheiter for samordna parkeringsløysingar i området, med mål om heilskaplege, brukarvenlege løysingar og felles betalingssystem der dette er mogleg.
5. Arbeidet skal skje i samarbeid med kommunane i sjustjernasamarbeidet, med mål om mest mogleg samordna prinsipp og innføringstidspunkt for parkeringsordningar i regionen.
6. Det skal leggjast til grunn ei gratis parkeringsperiode på inntil 2 timar ved utforming av ny parkeringsordning.

Behandling:

Framlegg, foreslått av Berit Roppen, Senterpartiet

Lager soner med større parkeringsplasser som er meir tilpassa dagens bilar. Kartlegg kor mange som har arbeidsplassen sin i sentrum, og legg til rette for parkeringssoner tilpassa denne gruppa.

Røysting:

Framlegget til Berit Roppen (Sp) fall med 1 røyst (Sp) mot 6 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret går inn for at administrasjonen får mynde til å setje i gang ein prosess med mål om å innføre avgiftsparkering på kommunale parkeringsplassar i Ulsteinvik sentrum.
2. Gjennom prosessen skal det avklarast:
 - geografiske grenser for område med avgiftsparkering
 - mogleg soneinndeling og avgiftsnivå
 - aktuelle drifts- og organisasjonsmodellar
3. Endeleg soneinndeling, val av drifts- og organisasjonsmodell og avgiftsnivå skal leggjast fram for politisk handsaming i eiga sak før parkeringsordninga blir sett i verk.

4. Kommunen skal gå i dialog med næringslivet og eigarar av private parkeringsareal i sentrum for å vurdere moglegheiter for samordna parkeringsløyisingar i området, med mål om heilskaplege, brukarvenlege løyisingar og felles betalingssystem der dette er mogleg.
5. Arbeidet skal skje i samarbeid med kommunane i sjustjernasamarbeidet, med mål om mest mogleg samordna prinsipp og innføringstidspunkt for parkeringsordningar i regionen.
6. Det skal leggjast til grunn ei gratis parkeringsperiode på inntil 2 timar ved utforming av ny parkeringsordning.

PS 62/26 Tertialrapport 1 - 2026

Vedtak:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 1.tertial 2026.
2. Dei private barnehagane vert rentekompensert for feil i tilskotsberekninga for perioden 2022-2025. Kommunal deflator vert lagt til grunn.
3. Budsjettert tilskot til Sætra barnehage på 3 936 570 for haustsemesteret 2026 vert overført til ansvar 2140 Sætra barnehage når kostnadsbudsjettet er klart.
4. Budsjettert inntekt frå refusjon sjukelønn vert auka med 13 033 305 kroner i første tertial, og nytta til å auke lønnsbudsjettet på same ansvar og funksjon som refusjonsinntekta høyrer til. Tilsvarende regulering vert gjort for resten av året slik at det ikkje vert avvik mellom rekneskapsført og budsjettert inntekt knytt til refundert sjukelønn.
5. Budsjettet knytt til konto 14290 Momskompensasjon og konto 17290 Momskompensasjon vert regulert tilsvarende faktisk rekneskapsført kostnad/inntekt. Tilsvarende regulering vert gjort i investeringsrekneskapen for konto 04290 Momskompensasjon og konto 07290 Momskompensasjon.
6. Budsjetterte avskrivningar vert justert i samsvar med bokførte avskrivningar på det enkelte ansvar.
7. Faktisk auka lønnskostnader som følgje av årets lønnsoppgjer og ansiennitetsopprykk/stillingsendring vert å kompensere frå budsjettmidlane på ansvar 1111 "Pensjon og lønnsoppgjer". Eventuelt positivt avvik knytt til årets lønnsoppgjer vert budsjettregulert ved å auke avsetnaden til disposisjonsfondet tilsvarende.
8. Faktisk avvik knytt til pensjon på ansvar 1111 Pensjon og lønnsoppgjer funksjon 170/171/172/173 ved årets slutt, vert fordelt ut på avdelingane etter faktisk kostnadsført pensjonskostnad.
9. Driftsbudsjettet vert regulert tilsvarende endringane i tabellen "Samla forslag til budsjettendringar" under (vist i Framsikt).
10. Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarende kolonnen "Forslag til bud.endr. år 1" i tabellen "Investeringar" under (vist i Framsikt).

Behandling:

Kommunalsjef Arne Runar Vik og leiar for eigedomsavdelinga Ottar Håkonsholm orienterte om saka.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 1.tertial 2026.
2. Dei private barnehagane vert rentekompensert for feil i tilskotsberekninga for perioden 2022-2025. Kommunal deflator vert lagt til grunn.
3. Budsjettert tilskot til Sætra barnehage på 3 936 570 for haustsemesteret 2026 vert overført til ansvar 2140 Sætra barnehage når kostnadsbudsjettet er klart.
4. Budsjettert inntekt frå refusjon sjukelønn vert auka med 13 033 305 kroner i første tertial, og nytta til å auke lønnsbudsjettet på same ansvar og funksjon som refusjonsinntekta høyrer til. Tilsvarande regulering vert gjort for resten av året slik at det ikkje vert avvik mellom rekneskapsført og budsjettert inntekt knytt til refundert sjukelønn.
5. Budsjettet knytt til konto 14290 Momskompensasjon og konto 17290 Momskompensasjon vert regulert tilsvarande faktisk rekneskapsført kostnad/inntekt. Tilsvarande regulering vert gjort i investeringsrekneskapen for konto 04290 Momskompensasjon og konto 07290 Momskompensasjon.
6. Budsjetterte avskrivningar vert justert i samsvar med bokførte avskrivningar på det enkelte ansvar.
7. Faktisk auka lønnskostnader som følgje av årets lønnsoppgjer og ansiennitetsopprykk/stillingsendring vert å kompensere frå budsjettmidlane på ansvar 1111 "Pensjon og lønnsoppgjer". Eventuelt positivt avvik knytt til årets lønnsoppgjer vert budsjettregulert ved å auke avsetnaden til disposisjonsfondet tilsvarande.
8. Faktisk avvik knytt til pensjon på ansvar 1111 Pensjon og lønnsoppgjer funksjon 170/171/172/173 ved årets slutt, vert fordelt ut på avdelingane etter faktisk kostnadsført pensjonskostnad.
9. Driftsbudsjettet vert regulert tilsvarande endringane i tabellen "Samla forslag til budsjettendringar" under (vist i Framsikt).
10. Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarande kolonnen "Forslag til bud.endr. år 1" i tabellen "Investeringar" under (vist i Framsikt).

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 03.06.2026 - 49/26

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 1.tertial 2026.
2. Dei private barnehagane vert rentekompensert for feil i tilskotsberekninga for perioden 2022-2025. Kommunal deflator vert lagt til grunn.
3. Budsjettert tilskot til Sætra barnehage på 3 936 570 for haustsemesteret 2026 vert overført til ansvar 2140 Sætra barnehage når kostnadsbudsjettet er klart.
4. Budsjettert inntekt frå refusjon sjukelønn vert auka med 13 033 305 kroner i første tertial, og nytta til å auke lønnsbudsjettet på same ansvar og funksjon som refusjonsinntekta høyrer til. Tilsvarande regulering vert gjort for resten av året slik at det ikkje vert avvik mellom rekneskapsført og budsjettert inntekt knytt til refundert sjukelønn.
5. Budsjettet knytt til konto 14290 Momskompensasjon og konto 17290 Momskompensasjon vert regulert tilsvarande faktisk rekneskapsført kostnad/inntekt. Tilsvarande regulering vert gjort i investeringsrekneskapen for konto 04290 Momskompensasjon og konto 07290 Momskompensasjon.
6. Budsjetterte avskrivningar vert justert i samsvar med bokførte avskrivningar på det enkelte ansvar.
7. Faktisk auka lønnskostnader som følgje av årets lønnsoppgjer og ansiennitetsopprykk/stillingsendring vert å kompensere frå budsjettmidlane på ansvar 1111 "Pensjon og lønnsoppgjer". Eventuelt positivt avvik knytt til årets lønnsoppgjer vert budsjettregulert ved å auke avsetnaden til disposisjonsfondet tilsvarande.
8. Faktisk avvik knytt til pensjon på ansvar 1111 Pensjon og lønnsoppgjer funksjon 170/171/172/173 ved årets slutt, vert fordelt ut på avdelingane etter faktisk kostnadsført pensjonskostnad.
9. Driftsbudsjettet vert regulert tilsvarande endringane i tabellen "Samla forslag til budsjettendringar" under (vist i Framsikt).
10. Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarande kolonnen "Forslag til bud.endr. år 1" i tabellen "Investeringar" under (vist i Framsikt).

PS 63/26 Endring av rekkefølgekrav i reguleringsplan for barnehage Hasund krins

Vedtak:

Ulstein kommunestyre opprettheld gjeldande rekkefølgekrav for bygging av Sundgotmarka barnehage i Hasund krins.

Behandling:

Framlegg frå Frp, H, INP og Krf, foreslått av Alf Johan Antonsen, Framstegspartiet

Ulstein kommunestyre opprettheld gjeldande rekkefølgekrav for bygging av Sundgotmarka barnehage i Hasund krins.

Berit Roppen fekk permisjon og gjekk frå. Det var ingen vara kalla inn.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding fall med 5 røyster mot 1 røyst (Ap).

Framlegget frå Frp, H, INP og Krf vart vedteke med 5 røyster mot 1 røyst (Ap).

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre held delvis fast på rekkefølgekravet i reguleringsplanen for Barnehage Hasund krins.

Rekkefølgekravet i § 6.2 bokstav a) vert justert slik at krav om opparbeiding av fortau gjeld strekninga frå barnehagen (o_BH) og fram til kryssande gangveg Kjerringnesmyra/Pilane merka o_GG på plankartet.